

SPERREFRIST 25.NOVEMBER KL 12.00

Fakta: Hinrich Schmidt-Henkel (f. 1959)

Hinrich Schmidt-Henkel (f. 1959) er ein framstående tysk omsetjar som er busett i Berlin. Han studerte tysk og fransk ved universitetet i Saarbrücken og har sidan 1987 arbeidd med å omsetje eit breitt spekter av litteratur – inkludert romanar, dramatik, poesi og barne- og ungdomsbøker – frå norsk (både bokmål og nynorsk), dansk, fransk og italiensk til tysk. Han var aktiv i styret for den tyske skjønnlitterære omsetjarforeininga VdÜ frå 2008 til 2021, dei første ni åra som president.

Schmidt-Henkel har eit sterkt forhold til norsk litteratur og har omsett ei rekkje norske forfattarar, mellom andre Kjell Askildsen, Jon Fosse, Henrik Ibsen, Cecilie Løveid, Tarjei Vesaas og Ruth Lillegraven. Han har spela ei nøkkelrolle i å bringe forfattarskapen til Jon Fosse ut til eit internasjonalt publikum ved å omsetje nesten alle verka hans. Gjennom omsetjingane av mellom anna *Is-slottet* og *Fuglane* har han òg bidrege til å vekke ny interesse for Tarjei Vesaas i Tyskland.

Omsetjingane hans er kjende for særleg høg litterær kvalitet. I tillegg til omsetjargjeringa har Schmidt-Henkel vore ein viktig ambassadør for norsk litteratur i Tyskland. Han har arrangert litterære tilskipingar, vore ein aktiv formidlar i den tyske forlags- og teaterbransjen og bidrege til å styrkje kulturutvekslinga mellom Noreg og Tyskland. Tidlegare var han òg rådgivar og pressetalsmann for Christina Weiss då ho var kultursenator i Hamburg (1991–1993).

Sjå elles den vedlagde CV-en, som omfattar alle omsetjingar.

Priser og nominasjonar

Hinrich Schmidt-Henkel har fått ei rekkje høgthengande prisar og utmerkingar for arbeidet sitt som omsetjar. Her er nokre av dei:

- Den Kongelige Norske Fortensteordenen i graden riddar av 1. klasse (2018)
- *Preis der Stadt Münster für Internationale Poesie*, saman med Jon Fosse, for *Diese unerklärliche Stille* (2017)
- *Übersetzerpreis der Theaterbiennale „Neue Stücke aus Europa“* for *Kaltes Produkt* av Matias Faldbakken (2008)
- *Deutscher Jugendliteraturpreis* for omsetjinga av *Søster* av Jon Fosse (2007)

For arbeidet sitt med franske tekstar fekk han, saman med Frank Heibert, Straelens omsetjarpris i 2017 for nyomsetjinga av *Stilübungen* av Raymond Queneau og dei samla verka til begge. Han blei òg utnemnd til *Chevalier de l'Ordre des Arts et des Lettres* i 2014 og fekk Paul Celan-prisen i 2004.

Schmidt-Henkel har i tillegg fått fleire kunstnarstipend og opphald på kunstnarresidensar. Han har òg blitt nominert tre gonger til omsetjarprisen til bokmessa i Leipzig, sist i 2021 for nyomsetjinga av *Fuglane* av Tarjei Vesaas.

Fossepris-vinnaren 2025 – grunngjeving

Det prisvinnaren har gitt til norsk litteratur i utlandet, står i ei særstilling. Det tyske språkområdet har alltid vore den viktigaste vegen for norske forfattarar ut i verda, heilt sidan Henrik Ibsen; fleire av stykka hans blei uroppført i Tyskland. Den tyskspråklege bokmarknaden er både ein av dei største i verda og den viktigaste døroppnaren mot resten av verda. Den eineståande omsetjargjeringa til

Hinrich Schmidt-Henkel får dermed ringverknader langt utover dei bøkene han har omsett, som sidan starten i 1987 tel nærare 80 titlar frå norsk til tysk.

Hinrich Schmidt-Henkel har omsett ei lang rekkje norske forfattarar og dramatikarar til tysk, mellom andre Kjell Askildsen, Henrik Ibsen, Tarjei Vesaas og Jon Fosse. Omsetjingane hans utmerkjer seg ved at dei alltid held høg litterær kvalitet, og han har ein imponerende og allsidig bibliografi innanfor prosa, drama, poesi og barnebøker.

Han får ros frå fleire hald for å tidleg – allereie i 1995 – ha «oppdaga» forfattarskapen og virket til Jon Fosse som dramatikar under eit teaterbesøk i Bergen. Den gongen kontakta han sjølv forfattaren og gjekk i gang med ei rekkje omsetjingar. Desse var dermed klare allereie før Fosse braut gjennom som dramatikar i Tyskland, og det var ein stor fordel då interessa i Tyskland auka. Ein kunne velje dei beste regissørane i Tyskland til oppsetjingane. Den suksessen Jon Fosse har hatt i Tyskland og Frankrike, har bidrege sterkt til merksemda i verda elles.

Også Henrik Ibsen-omsetjingane av Hinrich Schmidt-Henkel er blitt omfamna av teaterregissørar i både Tyskland, Austerrike og Sveits.

Eit av dei tyske forlaga hans seier det enkelt: «ingen andre enn Hinrich snakkar vakrere om bøkene dei omset, og ingen andre gjer den språklege rikdommen – både i originalteksten og omsetjinga – meir konsis og synleg». Schmidt-Henkel har «bringa Tarjei Vesaas nærare for tyske lesarar gjennom overveldande vakre, presise og samtidig poetiske omsetjingar og gjennom utrøyttelag innsats på boklanseringar og ulike arrangement».

Prisvinnaren har vore ein eineståande formidlar av og ambassadør for norsk litteratur i Tyskland, både som arrangør og moderator for litterære arrangement og som ein engasjert aktør i bransjen på fleire område, som omfattar både tysk forlagsbransje og teaterverd, og omsetjarfeltet. Han har vore ansvarleg for ei enorm mengd lesingar og presentasjonar av norske forfattarar, både dei han sjølv har omsett, og andre. I tillegg har han i fleire tiår stått i front for å fremje rettane til omsetjarar og gjere dei meir synlege, gjennom viktige verv i den tyske omsetjarforeininga.

Tidleg i karrieren skreiv Hinrich Schmidt-Henkel artiklar og radioprogram om mellom anna den rike norske litteraturen for barn og ungdom. I 1994 organiserte han Nordische Literaturtage på litteraturhuset i Hamburg. I løpet av 2019, då Noreg var gjesteland på bokmessa i Frankfurt, bidrog han på meir enn ulike 50 arrangement, både under sjølve bokmessa og gjennom året elles – på festivalar, på litteraturhus, i bokhandlar og på den norske ambassaden i Berlin.

Juryen gir på bakgrunn av det dette prisen til Hinrich Schmidt-Henkel for det viktige arbeidet hans med å omsetje norsk litteratur og dramatikk til tysk, og har lagt vekt på heile omsetjargjeringa og den store innsatsen hans med litteratur- og kulturformidling.